

Elin og Henry Fanebust  
Lindåsvegen 2088,  
5955 Lindås

Våge, 28.09.22

Alver kommune, Plan og bygg  
v/sakshandsamar Larissa Dahl

kopi: APM i Alver

### **Gnr. 99 bnr. 4 Våge - Fakta-opplysningar og oppdateringar i saka**

I samband med at administrasjonen no skal gjere greie for dei faktiske forholda på 99/4, og sidan her har vore lite synfaring, tillet vi oss å sende 2 dronebilete med litt fakta-informasjon som vi meiner adm. har bruk for.

### **FORKLARING DRONEBILETE 1** (m/innteikna plassering av tverrprofilar som i søknad)

- Mur i P10: 6 m høg. Ikkje omsøkt. Ifølge Fanagro sine tverrprofilar skal terrenget her vera **urørt** (= 6 m avvik!)
- Alt terreng nord for P0 er **utanfor 99/4 sin søknad om terreng-ending**.
- Dermed skal alt terreng **aust** og **nord** for opprinneleg godkjent landsbruksveg **tilbakeførast**, i tråd med krava frå APM 13.10.21 + adm. sitt eige vedtak av juni -22.

Lengst nord i tunet til 99/4, nærast oss, er all matjord fjerna heilt inn til grensa berre 14 m frå huset vårt. I staden vart det bygd opp med store mengder steinmasse over eit samanhengande større område framfor oss, terrenget heva opptil 4 meter med murar ytterst. Altså: ei omfattande ulovleg øyding av kulturbeite/matjord, erstatta med stein, utført sommaren 2021. Fanagro sin påstand om at dette er gjort innafør ramma av lovleg terrengending er **feil**.

Muren lengst nord vart forlangt fjerna, og platået lengst nord vart av kommunen forlangt tilbakeført i brev frå adm. til Alf Eikevik av 15.10.21, saman med kommunen sitt krav om at landbruksveg skulle tilbakeførast til godkjent trase. Dette utløyser kommunen si plikt til å følgje opp krava etter Pbl § 32. Desse områda er ikkje med i Fanagro sin søknad om terreng-ending. Det ulovlege steinplatået framfor oss, no brukt til anleggsområde, vert på denne måten forsøkt tagd ihel, området har i tillegg vorte heva med **meir** steinmasse no i sommar. **Dette området må tilbakeførast til markslaget som det hadde før, og med utgangspunkt i opprinnelege koter.**

### GRENSELINJA GJENNOM TUNET

Den ulovlege nivåhevinga på heile grenselinja gjennom tunet (oppbygd voll, delvis over grensa, dekkar 2 grensemerke) vart gjort i dårleg hensikt, medan vi stod ansikt til ansikt og trygla om at ein måtte stoppe det ulovlege arbeidet. Med bakgrunn i det vi har erfart, fryktar vi at 99/4 ikkje har planar om å følgje opp vedtaket om å ta den ulovlege vollen vekk. Vi er redd for at det vert spekulert i trenering til eit nytt år og nytt APM-utval, som då vil mangle kjennskap. Dette må ikkje skje. Vi ber

difor om at 99/4 no vert pålagt at tilbakeføringa her skjer **umiddelbart** og **før noko anna**, og at tilbakeføringa skjer med jord heimehøyrande i tunet.

Å få tilbakeført med **original avgravd jord frå tunet** i den 100 m lange og 2 m breie buffersona tvers gjennom tunet, på det næraste berre 14 m frå huset vårt, vert viktig. Dette som buffer mot biologisk eller zoologisk «forurensing». Vi er klar over at her er ingen god vilje frå 99/4 til å få ei tilbakeføring til, for då ville ikkje dette ha skjedd i utgangspunktet, og vi engstar oss for nye typar overgrep i samband med tilbakeføringa. Dette som er eit særleg sårbart område midt inne i det klassiske tunet på Våge. Vi treng hjelp på ein eller annan måte, til at her vert sett reell makt bak krava.

## FORKLARING DRONEBILETE 2 - MUR PÅ 6 M OG HEVA TERRENG

Biletet viser den 6 m høge muren som vart ulovleg bygd i vår/sommar, på tross av tilbakeføringsvedtaket, og som heller ikkje er omsøkt i Fanagro sin søknad. Dronebiletet viser også den opptil 4 m høge terrenghevinga med høg mur framfor oss, muren er kravd riven og terrenget kravd tilbakeført i brev frå administrasjonen til Alf Eikevik av 15.10.21, utan at dette har skjedd.

Ingen ting av dette er heller søkt om i Fanagro sin søknad.

Den innteikna bogen i høggre kant viser at heile dette området i lia til høggre framfor oss er avgravd og heva med store mengder stein, i etterkant delvis tynt dekke av jord på, også dette sommaren 2021. Dvs. at også dette er omfatta av APM sitt tilbakeføringsvedtak.

## LANDBRUKSVEG

Slik den godkjente landbruksvegen var teikna og godkjent i tunet på 99/4, ville den

1. beslaglagt jord med **langt dårlegare bonitet** enn vegen som er (ulovleg) bygd
2. medført **vesentleg mindre fylling** enn den som er ulovleg bygd
3. Dvs **ingen** argument for å leggje vegen annleis enn godkjent søknad.

I tillegg veit ein no at landbruksvegen som er bygd vidare frå tunet, i strid med godkjent trase, er så dysfunksjonell at - trass enorm bredde – er det no grave opp ytterlegare store mengder jord frå den dyrkbare myra for å utvide breidda enda meir. Dvs enda meir øyding av jord, enda meir meiningslaust prosjekt.

## EI REALITETSORIENTERING KRING SØKNADEN

5 mål nydyrking utløyser for til kun 5 sauer. (Eit heilt tun utradert for foret til 5 sauer).

**Før** dei ulovlege tiltaka som har funne stad, var produksjonsevna **vesentleg større** på 99/4 enn det som no vert resultatet. Søknaden kan difor ikkje begrunnast ut frå auka produksjonsevne, snarare av ønskje om utvida arrondering av tomt.

## KORT OM SITUASJONEN IDAG:

- Det vert idag fyllt opp med jord på utsida av den hundre meter lange, 4–5–6 m høge, ulovleg bygde muren. Heile terrenget på utsida av muren vert dermed gjort dysfunksjonelt for maskinelt landbruk, samstundes som ein kastar vekk store mengder matjord som skulle vore brukt ved tilbakeføringa inne i tunet.
- Det vert konstant og heile tida arbeidd ulovleg med **igangsetjings-tiltak** på 99/4, i sterk strid med vedtak av 13.10.21 om at tilbakeføringa skal vere gjort før igangsetjingsløyve.  
**DETTE ER ULOVLEG, OG KAN IKKJE HALDE FRAM LENGER!**
- Me lir i tillegg konstant under gjallande og sterk anleggsstøy inne i tunet som me deler med 99/4, støy 12-13 timar for dagen, no over fleire år, fram til siste året også på søndagar. Fine sommarkveldar eller sommandagar er ikkje fine lenger, berre fyllt med konstant støy (me får sympati-erklæringar frå naboar fleire km vekk, som seier at dei ikkje fattar at me held ut) .

## KONKLUSJON TILBAKEFØRING

1. Alt terreng nord og aust for godkjent landbruksveg på 99/4 skal tilbakeførast til markslaget det hadde, jfr. APM-vedtak og administrativt vedtak.
2. Langs grensa i tunet skal det i 2 m bredde på 99/4 vere same kotehøgd som 99/1 hadde/har i grenselinja, vidare skal terrenget ha fall ned mot 99/4 sin godkjente landbruksveg iflg. adm. sitt vedtak.
3. All jord som skal tilbakeførast inntil nabogrensa + inne i det gamle tunet på 99/4 må vera jord som er lagt tilside frå tunet med dette formålet, slik 99/4 har lova i søknad.
4. Tilbakeføringa må gjennomførast **i si heilheit og under eitt.**
5. Tilbakeføring må starte **straks.** Tidsfristen var 15.01.22 for tilbakeføring av området nord i tunet, skulle dermed vore gjort forlengst.
6. **Tilbakeføring må starte med heile den 100 meter lange grenselinja gjennom tunet.** Både for å sikre at resultatet vert slik det skal, og for å sikre at det i det heile vert gjort, jfr. erfaringa med APM-vedtak av 13.10.21, som vart sabotert av utførande tiltakshavar.
7. Tilbakeføring må vere **godkjent før igangsetjingsløyve** kan gjevast.
8. Her må setjast **reell makt** bak tilbakeføringkravet for å sikre at det i det heile vert gjort, jfr. historikk både i Bergen og no i Alver.
9. Det må ingen løyve til **noko som helst** igangsetjing på 99/4 før både **gjennomført og godkjent tilbakeføring** har skjedd.
10. Og når bygningar seinare skal oppførast, må det sikrast at dette skjer på dei kotehøgder det er søkt om.

Ei oppmoding:

I praksis har eigentleg **alt** som har vore utført på 99/4 vore ulovleg, endatil landbrukskvegen som *var* godkjend vart ulovleg bygd. Alle ulovlegheitene utført med den same utførande tiltakshavaren. Ulovlegheitene har vore grove, målretta og systematiske. Vi meiner denne personen har diskvalifisert seg sjølv frå å få innvilga sin søknad til Alver kommune om å vera utøvande vidare på 99/4, med grunngevinga ovafor. Vi vil med dette be kommunen om å ikkje innvilge denne søknaden.

Med vennleg helsing

Elin og Henry Fanebust

Vedlegg: 2 dronebilete

